

NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dykkar ref.:  
202224815-2

Vår ref.:  
21/108 - 3 / ANT

Dato:  
17.01.2023

## Uttale til søknad om fjernvarmekonsesjon for Mongstad industripark i Alver kommune og Austrheim kommune - APB Fjernvarme Drift AS (saksnummer 202224815)

**Austrheim kommune med org. nummer 15941180407** er positiv til ABP Fjernvarme Drift AS sin søknad om å etablera og drifta eit fjernvarmeanlegg inne i Mongstad industripark (Saksnummer 202224815).

NVE skriv følgjande: «*Prosjektet inneber ein høgtemperaturkrets og ein lågtemperaturkrets som høvesvis vil tilførast energi frå spillvarme frå raffineriet til Equinor og frå prosessanlegget Vestprosess. Det skal etablerast to varmesentralar for å utnytta begge energitilførslane, éin for kvar krets. Den termiske energien vil bli overført frå raffineri og prosessanlegget gjennom ein planlagd underjordisk tunnel. Denne tunnelen skal i tillegg til fjernvarmerøyr innehalda framtidige distribusjonsleidningar av vatn, straum og moglege andre råvareprodukt knytte til industriprosessar. Fjernvarmeanlegget vil forsyna eksisterande industribygg i tillegg til nye eventuelle industrianlegg i konsesjonsområdet. ABP skriv at totalt effektuttak for fjernvarmeanlegget på sikt kan bli 110 MW. For berre den eksisterande bygningsmassen utgjer frigjord straumkapasitet 46 GWh i året.*»

Austrheim er positiv til både prosjektet og målsetjinga her. Tiltaket er og i tråd med plan for området i Austrheim kommune. Me er godt kjent med at anlegg som blir konsesjonsbehandla i medhald av energilova § 5-1 er friteke byggesak i kommunen, jf. byggteknisk forskrift SAK10 § 4-3. Lykke til med framdrifta vidare.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*



**Mottakere:**

NVE

Postboks 5091 Majorstua 0301

OSLO